
Styremøte 4/2020
Tid: 07.11.2020 kl. 10.30-13.00
Stad: Vatnahalsen

AGENDA

Sak		Vedlegg	Ansvar
1	Beslutningssaker 1.1 Godkjenning av innkalling		Leiar
2	Orienteringssaker 2.1 Status fulldrift 2020 2.2 Status økonomi 2.3 Stillingsutlysingar		DL DL DL
3.	Diskusjonssaker 3.1 Rabatterte hopp for HM med elevar 3.2 Strategi regulering flyplass 3.3 Innkjøp/investeringar 3.4 Kontor/butikk sentrum 3.5 World cup 3.6 Arbeidsgruppe reguleringsplan 3.7 Swoope pond 3.8 Anna arbeid på feltet		Alle Alle Alle DL DL Leiar DL DL
4	Ymse 4.1 Fastsetje dato for neste styremøte		Alle

Tilstades: Christian Selland, Helene Bjørnø, Stine Solberg, Kristine Shay Dufey, Stian Knudsen, AleXander Hillerich, Kristian Bystøl, Trine Wiiiiiiiiiiiiik (adm), Andreas Hemli (adm.), Rune Narum (HI)

1.1 Godkjent.

2.1 Gjennomgang av tal av DL. Positiv trend til tross for Corona. Hopptall godt over tall frå 2019. 12% auke av tandemhopp i 2020 kontra 2019. Er ynskje om auka innhopp i 2021, administrasjon ser på løysing for lønna stilling for å få dette til. Halve juni og heile juli neste sesong vil det vera to fly tilgjengeleg på feltet.

2.2 Bilagsføring er á jour, førebels ligg det an til ca. 15 mill. i omsetning. Tentativt ligg det an til eit overskot. Overskot blir satt av til mogleg framtidig tomtekjøp, administrasjon ser på løysing for å sette desse midla i eit tomtefond fram til det kan realiserast.

2.3 64 mottatte søknader og fleire stillingar er no besett. Stort sett alle frå årets sesong har søkt på nytt. For den nye administrative stillinga er det til no komen inn over 20 søknader, søknadsfristen for denne er 22. november.

3.1 Styret vedtar at hopp for HM blir gratis der det er fleire enn 4 solo elevar på løftet. Klubben har behov for instruktørar som kan bidra som HM. Det vil og bli etablert ei tavle ved manifest slik at instruktørar kan markere seg på denne om dei vil vera tilgjengeleg for utsjekkshopp. Instruktørar som skal ha utsjekkshopp vil bli prioritert i manifest, dobbelt-manifestering vil bli tillat.

3.2 Sjå pkt. 3.6

3.3 DL hadde ein gjennomgang av aktuelle investeringar. Endeleg investeringsplan vil bli presentert på årsmøtet.

3.4 Styret godkjenner at administrasjon ser på å finne eigna lokale i sentrum for kontor, informasjon og rekruttering av elevar.

3.5 DL presenterte kort om statusen på arbeidet med World Cup. Det er framleis eit stykke fram i tid, men dei ligg bra an.

3.6 DL har hatt møte med heradet om situasjonen. Det vil bli gjort nye forsøk på å opprette dialog med Bømoen AS om vegen vidare. Målet er å få til eit samarbeid. Ei eige arbeidsgruppe bestående av DL, styreleiar og Helene Bjørnø skal ha dette som fokusområde.

3.7 Det vil bli utarbeida ein eigen risikoanalyse i tillegg til standard operasjons prosedyre for pond før HI/styret fattar vedtak om vidare framdrift med ponden. Saka er óg behandla i programplanen for 2021. Vidare grunnarbeid er satt på vent.

3.8 Det er starta arbeid med utviding av utekjøkken, barneområde/familieområde med zip-line, tribune og fleire aktivitetstilbod. I tillegg blir det bygd eit skyggeområde ved departure gate.

4.1 Neste styremøte blir medio februar.